


Planinitiativ:

## Oppgradering av Kvernes skytterbane på Averøya



Dette planinitiativet er utarbeida av 3Dsmia, ved Åse Bergset, i samsvar med *Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven*.

Dokumentet er utarbeida på vegne av Kvernes Skytterlag, som ønskjer å regulere kring eksisterande skytebane, for å legge til rette for oppgradering og utviding av anlegget på Kvernes.

Utarbeida av:	3Dsmia, Haugaslettvegen 45 6686 Valsøybotn	Åse Bergset; <a href="mailto:post@3dsmia.no">post@3dsmia.no</a> Tel: 99 57 89 22
Oppdragsgjever/ forslagstiller:	Kvernes skytterlag Kvernesveien 6531 Averøy	v/ Torstein Skarset <a href="mailto:torstein@torobygg.no">torstein@torobygg.no</a> Tel: 94364276


## INNHOLD

1 Lokalisering og planlagd arealbruk .....	1
2 Planstatus og eksisterande utgreiingar .....	2
3 Planavgrensing og grunneigarforhold .....	3
4 Medverknad .....	3
5 Samfunnstryggleik og verknader utanfor planområdet .....	3
6 Planen sitt forhold til Forskrift om konsekvensutgreiingar .....	3
7 Til slutt .....	4

## 1 LOKALISERING OG PLANLAGD AREALBRUK



Figur 1 viser kvar skytebana ligg på Averøya.



Figur 2 viser planområdet og førebels plangrense.

Kvernes skytterbane ligg ved Prestsetra på Kvernes i Averøy kommune. Ein har tilkomst til skytebana via privat veg frå Kvernesveien. Det er om lag 700 meter frå dagens skytebana til bustadane i bustadfeltet Røsshaugen ved kyrkja på Kvernes.

Kvernes skytterlag ønsker å utvide og oppgradere skytebana. Planen er å etablere følgjande:

- ny leirduebane for stemne-arrangement
- ny elgbane (bevegelege mål)
- utvide klubbhuset for å etablere innandørs bane og større klubblokale
- etablere gapahuk, leirplass og bålpllass med tanke på friluftsarrangement

## 2 PLANSTATUS OG EKSISTERANDE UTGREIINGAR

Skytebana er ikkje tidlegare regulert, og nærområda inngår heller ikkje i detaljreguleringsplanar.

Rieber Prosjekt AS har utarbeida ein plan for ombygging og støydemping av Kvernes Skytterbane i 2020 (vedlagt). Denne planen vil vere utgangspunktet for reguleringsplanen, om det ikkje kjem motstridande innspel til planarbeidet.

Fylkeskommunen har gjennomført synfaring innanfor eit areal som dei meinte det var potensiale for funn av kulturminne. Konklusjonen vart at dei ville vurdere prosjektet igjen ved byggemelding.

Planområdet er avsett til *Bebyggelse og anlegg, skytebane* i Kommuneplanen sin arealdel, 20150005 (heretter KPA). På figur 3 under er KPA for området vist. SB1 (lys grøn) er eksisterande skytebane, og SB2 (mørkare grøn) planlagt utviding. Så inngår planarealet også i omsynssone H570\_1; *Bevaring kultur og miljø*. I KPA (side 19, Idrettsanlegg) er det stilt krav om støyanalyse for området ved reguleringsplan. Og det er stilt krav om at ein tek omsyn til dei kulturelle verdiane ved reguleringsplan, sjå figur 4 og 5 under.



Figur 3 viser KPA for området

§ 3.10 Bevaring av kulturmiljø - H570 (pbl. § 11-8 bokstav d)		
<b>Retningslinjer:</b> Innenfor områder angitt som hensynsone H570 – skal det føres en streng dispensasjonspraksis, og en må ta hensyn til kulturelle verdiene ved eventuell område- og detaljreguleringsplan. Disse områdene har stort potensial for nye funn. Det er viktig å opprette den visuelle opplevingen av landskapet.		
<b>Bestemmelser:</b>  Soknader om tiltak (unntatt deling av grunneiendom og bruksendring) skal forelegges regional kulturminnemyndighet for uttalelse.		

Figur 4 viser utsnitt av føresegnehene i KPA

H570-1	Kulturlandskapsområde Kvernes	Området med kulturhistorisk hoy nasjonal verdi. Innenfor området finnes stavkirke, et større gravfelt, bygdemuseum, og nyere kirke. Kulturlandskapet er en helhet basert på stedet i seg selv og dets forhold til fjorden og fjellet.
--------	----------------------------------	---

Figur 5 viser omtale av H570\_1 i KPA


Vidare stiller føresegn §1.7 i KPA krav om at kapasiteten på offentleg infrastruktur (veg, vann, avløp og elektrisitet) skal vurderast i planarbeidet, og at eventuelle behov for utbetringar skal resultere i rekkjefølgjekrav i ny reguleringsplan. Føresegn §1.9 stiller krav om at planar skal utarbeidast i samsvar med T-1442 (Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging). I KPA var det utarbeida KU for den utvida skytebana, sjå figur under.

Tema	Konsekvens	Forklaring, (kunnskapsgrunnlag), usikkerheter
Forurensning		Det er ingen kjente luft, stråling eller grunnforurensing i området.
Støy		Nodvendig å foreta støykartlegging.
Sikring av jordressurser		Myr, skog av hoy bonitet.
Naturmangfold		Ingen registrerte verneområder, truede rodlistearter eller utvalgte naturtyper.
Kulturminner og kulturmiljø		Ingen kjente automatisk fredete kulturminner og SEFRAK-registrerte bygg i området. Ifølge fylkeskommunens kulturarvdeling har området høy potensiale for nye funn.
Nærmiljø, grønnstruktur og friluftsliv		Ingen konflikt med friluftsliv-interesser.
Barn og unges interesser		Ingen konflikt med barn og unges interesser.
Teknisk infrastruktur		Adkomst via privatvei.
Samfunnssikkerhet, risiko og sårbarhet		Ingen fare for sno-, steinskred eller flom.
Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk		I samsvar med strategi.
<b>Samlet vurdering og eventuelle alternativer:</b> Avgrensning i nordvest skal tilpasses til avgrensning av areal som er registrert som dyrkbar jord. Ny anlegg skal plasseres lengre vest. Arkeologiske undersøkelser kan bli påkrevd ved behandling av byggesak etter nærmere vurdering.		
<b>Konklusjon: Tas til følge.</b>		

Figur 6 viser KU for området i KPA

I figur 6 er det konkludert med at ei utviding har små (gule), eller positive/uproblematiske (grønne) konsekvensar, men at ein må vurdere kapasiteten på vegen, ta omsyn til kulturmiljøet og foreta ei støykartlegging. I samla vurdering er det stilt krav om at framtidige tiltak skal ligge utanfor dyrkbart areal.

Aeb AS har utarbeida eit **geoteknisk notat** for området i 2021, der flaumfare og grunnforhold ved skytebana er vurdert (vedlagt).



Figur 8 viser eideområder som inngår i planen, og førebels plangrense

leigeavtale, og grunneigarane er positive til utviding av anlegget.

## 4 MEDVERKNAD

Vi vil sende varsel om planarbeidet til grunneigarar og naboor. Planer for nyanlegg, ombygging eller utviding av skytebane må vere godkjent av politiet. I tillegg vil vi i samråd med kommunen sende varsel til aktuelle meldings-instansar og aktuelle lag og organisasjonar.

## 5 SAMFUNNSTRYGGLEIK OG VERKNADER UTANFOR PLANOMRÅDET

Det er bustadar om lag 700 meter frå planområdet. Støy og omsyn til kulturverdiar vil verte sentrale tema i planarbeidet. Plandokumenta vil innehalde ei ROS-analyse, der alle aktuelle risikoforhold vert vurdert og bøtande tiltak vert inkludert i føresegnene etter behov.

Våpenforskrifta (Forskrift om våpen, skytevåpen, våpendeler og ammunisjon, 2021) Kapittel 8 listar krav for planlegging av skytebaner.

## 6 PLANEN SITT FORHOLD TIL FORSKRIFT OM KONSEKVENSUTGREIINGAR

Vurderinga av om planen kan få vesentlege verknader, og det dermed skal utarbeidast planprogram eller konsekvensutgreiing etter plan og bygningslova § 4-1 og 4-2, skal gjennomførast i samsvar med *Forskrift om konsekvensutredninger* (heretter forskrifta).

## 3 PLANAVGRENSING OG GRUNNEIGARFORHOLD

Førebels plangrense er vist på figur 2, og omkransar eit areal på omlag 200 Daa. Då har vi inkludert arealet som er avsett i KPA, - og lagt til ei buffersone. Plangrensa vil truleg bli vesentleg redusert i endeleg planforslag. Planen vil strekkje seg over delar av gnr. 22, bnr. 1, samt 22/19 og 22/90, sjå figur 2 og 8.

Planarealet er i privat eige, men skyttarlaget har ei tinglyst

**§ 6 b i forskrifta:** Tiltaket er vist i KPA, med tilhøyrande KU, og utløyser ikkje krav om KU eller melding/planprogram.

**§ 8 og § 10 i forskrifta:** Planområdet ligg i eit verdifullt kulturmiljø (H570\_1 i KPA), men tiltaket er utgreia i KPA, og fylkeskommunen har gjennomført synfaring. Planarbeidet utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing.

## 7 TIL SLUTT

Figurane i dette dokumentet er henta frå Averøy kommune si innsynsløysing, kartsamlinga GisLink og Statkart sine wms-tenester.

Vi ber med dette om at Averøy kommune arrangerer eit snarleg oppstartsmøte (jfr. Plan og bygningslova § 12-8) slik at vi kan få drøfta det videre planarbeidet.